



Marthe Kristin Myhr  
Ikeland 98  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5436 - 21/39401

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
09.06.2021

## Adressetildeling Hosøyvegen 143

**Administrativt vedtak: Saknr: 671/21**

### VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressedeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
11	119	H0101	Hosøyvegen	143

**Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### Saka gjeld

Det er godkjent bygging av fritidsbustad på eigedommen 477/79, som skal ha tildelt eiga offisiell adresse.


### Vurdering

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Hosøyvegen.

Det er sett av eit husnummer til kvar tomt her og ledig husnummer er her 143.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressedeling og adresse vert difor tildelt.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.

Husnummer må vere på plass før huset vert teke i bruk.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

#### Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.

- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/5436»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Marthe Kristin Myhr  
Vidar Myhr

Ikeland 98  
Ikeland 98

5912 SEIM  
5912 SEIM